VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

# Møteprotokoll
# for
# Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 02.12.2019
**Møtestad:** Rådhuset Knarvik, kantina
**Møtetid:** 12:00 - 15:00

Diverse merknader:
-Tore Eugen Hansen-FNB gjekk under handsaming av sak 007/19.
-Bente Orlen Westervik-FFO gjekk etter handsaming av sak 007/19.
-Det var politikaropplæring del 2. etter ordinær sakshandsaming.

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Sølvi Gripsgård Knudsen | SP | Medlem |
| Else Marie Skartveit Dale | KRF | Medlem |
| Tore Eugen Hansen | FNB | Nestleiar |
| Reidar Knutsen | SAFO | Medlem |
| Svein Arne Vabø | SAFO | Medlem |
| Liv Erstad | FFO | Medlem |
| Magne Bjørndal | FFO | Utvalsleiar |
| Bente Orlen Westervik | FFO | Medlem |
| Jannicke Helland | FFO | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Erstatter medlem |
|---|---|---|
| Roy Bø | FRP | |
| Gunn Krokeide | FFO | |

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**
Hogne Haugsdal-ass.rådmann, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Mariann Guddal Hansen-avdelingsleiar Kulturutvikling, idrett og frivillighet, Nora Gjerde-sekretær.

## Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 001/19 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 002/19 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 003/19 | Anleggsstrategi for Alver 2020-2024 |
| 004/19 | Kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv |

005/19 Dagsturhytter

006/19 Økonomiplan 2020 - 2023

007/19 Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune

**001/19: Godkjenning av  innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2019:**

**Behandling:**

Merknad:

RMNF vil ha ei ekstrasak i møtet med innspel til høyringa  "Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune".

Ellers ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 001/19 Vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

**002/19: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2019:**

**Behandling:**

Møteprotokol frå møte - 18.11.2019 vert godkjent, samrøystes.

**RMNF- 002/19 Vedtak:**

Møteprotokol frå møte - 18.11.2019 er godkjent.

**003/19: Anleggsstrategi for Alver 2020-2024**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kommunestyret godkjenner Anleggsstrategi for Alver 2020-2024 slik den ligg ved saka

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2019:**

**Behandling:**

Orientering til saka v/Mariann Guddal Hansen-avd.leiar Kulturutvikling, idrett og frivilligheit

Ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 003/19 Vedtak:**

**Uttale i RMNF -02.12.2019:**
Ingen merknader.

**004/19: Kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kommunestyret godkjenner retningsliner for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og

friluftsliv slik dei ligg ved saka.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2019:**

**Behandling:**

Orientering til saka v/Mariann Guddal Hansen-avd.leiar Kulturutvikling, idrett og frivilligheit
Ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 004/19 Vedtak:**

**Uttale i RMNF -02.12.2019:**
Ingen merknader.

**005/19: Dagsturhytter**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommune vil søkja Hordaland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt prosjekt om tilskot på totalt kr 900 000 til etablering av tre dagsturhytter i Alver – éi i kvar av dei tre noverande kommunane.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2019:**

**Behandling:**

Orientering til saka v/Mariann Guddal Hansen-avd.leiar kulturutvikling, idrett og frivilligheit

Rådet støttar rådmannen sitt framlegg, og ber om at minst ei av dei tre hyttene vert plasserte med tanke på barnevogner og rullestolar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**RMNF- 005/19 Vedtak:**

**Uttale frå RMNF - 02.12.2019:**

Rådet støttar rådmannen sitt framlegg, og ber om at minst ei av dei tre hyttene vert plasserte med tanke på barnevogner og rullestolar.

**006/19: Økonomiplan 2020 - 2023**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Investeringsbudsjettet for 2020 er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekne prosjekt i tillegg til nokre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Alver kommune opp 283 743 000 kr i lån til generelle investeringar i 2020 og 195 775 000 kr i lån til sjølvkostområdet (vann og avløp).

2. Økonomiplan for 2020-2023 og årsbudsjett for 2020 blir vedteke, jfr. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2020 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei syv hovudområda, jf. eigen tabell.

3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjettert innsparing til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.

4. Rådmannen får fullmakt til å flytte mindre budsjettpostar knytt til driftsutgifter mellom sektorane slik at det samsvarer med organiseringa i Alver.

5. Pensjon: Det har vore ulik amortisering av premieavvik i dei tre kommunane. Alver kommune legg til grunn 7 års amortisering av premieavvik.

6. For 2020 nyttar Alver kommune utskrivningsalternativet i eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille. Alver kommune vil i 2020 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og - installasjonar fases ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å anse som næringseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2020 være lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknas med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2020 skrive ut

eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd.

7. Det vert gjeve ei ramme på 2 271 000 kr til kontrollutvalet.

8. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellesråd på 22 500 000 kr og 2 685 000 kr for å dekkje renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik.

9. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

10. Godtgjersle til ordførar blir sett til 987 997 kr og til varaordførar 592 798 kr for 2020. Løna regulerast per mai 2020 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2019:**

**Behandling:**

Orientering til saka ved Hogne Haugsdal-ass.rådmann

**Framlegg frå Tore Eugen Hansen-FNB:**
Merknad: Rådet er uroa over fleire av framlegga til nedskjeringar, særleg dei som råkar tenestene til funksjonshemma og elevar med særskilde behov.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**RMNF- 006/19 Vedtak:**

**Uttale i RMNF - 02.12.2019:**
Rådet er uroa over fleire av framlegga til nedskjeringar, særleg dei som råkar tenestene til funksjonshemma og elevar med særskilde behov.

**007/19: Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune**

Uttale RMNF - 02.12.2019:

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2019:**

**Behandling:**

**Tilleggsak i RMNF - 02.12.2019:**
**Fellesframlegg v/Reidar Knudsen-SAFO:**
RMNF ber om følgjande tillegg under "Foreldrebetaling". Elevar på SFO 5. til 7. trinn: Denne plassen er gratis for elevar med særskilte behov.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Framlegg frå Sølvi Knudsen-Sp:**
***Endring til rådmannen sitt framlegg.***
Punkt 8 skyss:
Barn har som hovudregel ikkje rett på skyss.... (ta vekk ordet Funksjonsfriske).
Framlegget vart samrøystes vedteke.

**RMNF- 007/19 Vedtak:**

**Uttale frå RMNF - 02.12.2019:**
-RMNF ber om følgjande tillegg under "Foreldrebetaling". Elevar på SFO 5. til 7.trinn: Denne plassen er gratis for elevar med særskilte behov.

-Punkt 8 skyss:
Barn har som hovudregel ikkje rett på skyss...